

---

Arkivkode:  
Saksnummer: 2016/2944

---

---

Orienteringssak: **b**  
Møte: 28. april 2016

---

---

## **Rekneskapsrapport per mars 2016**

---

### **Bakgrunn**

Det er endå tidleg på året og vanskeleg å dra tydelege konklusjonar basert på analyse av rekneskapen. Som ved førre rapportering, er det ein del avvik som skuldast feil periodisering i budsjettet, og budsjettet vil verte justert i april.

På grunntildelinga (GB) ser vi at inntekter frå KD, instituttinntekter og samla kostnadar alle framleis er noko høgare enn i same periode i fjor, og at det er fleire avvik frå budsjett som skuldast tekniske forhold i budsjettet.

Innan bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) er aktiviteten på nivå med aktiviteten i same periode i fjor, medan innbetalingane er auka. Både aktivitet og innbetalingar har vore lågare enn budsjettet per mars, mellom anna pga. forseinka installering av NMR-maskin og avvik knytt til avslutting av to ERC-prosjekt.

### **Fakultetsdirektørens kommentar**

Det er endå tidleg på året, og lite endringar sidan førre rapportering. Fakultetet styrer framleis mot balanse i 2016, og ventar ingen overføring til 2017.

Innan BOA er det fleire periodeavvik, og fakultetet ser per mars ikkje grunn til å endre prognosane. Prognosane for både aktivitet og innbetaling er dermed framleis lik budsjettmål for 2016.

Fakultetet har satt i gang arbeid med å betre treffsikkerheita i prognosane.

### **Forslag til vedtak**

Fakultetsstyret tek økonomirapport per mars 2016 til orientering.

Bergen, 20. april 2016


Elisabeth Müller Lysebo  
fakultetsdirektør

Vedlegg: Økonomirapport per mars 2016


# Økonomirapport MN per mars 2016

## 1. Totaløkonomien ved fakultetet

Figur 1 Utvikling GB og BOA per mars 2010-2016




Figur 2 Utvikling BOA per mars 2010-2016



Figur 1 viser samla utvikling i inntekter til fakultetet per mars i perioden 2010-2016, medan figur 2 viser utvikling i inntekter på BOA per finansieringskjelde. Inntektene på GB har i snitt auka med 7,1 % årleg per mars i perioden 2010-2016, medan inntektene på BOA har hatt gjennomsnittleg årleg auka på 7,4 % i same periode. På årsbasis er gjennomsnittleg årleg vekst i perioden 4,8 % for GB og 2,8 % BOA, når ein bruker budsjetterte inntekter for 2016. At auken i GB er høgare pr. mars skuldast auke i midlertidige strategiske tildelingar som vert utbetalt i februar, og som gjev mindre prosentvis utslag utover i året. Merk at det ikkje er tatt omsyn til inflasjon i utrekning av prosentvis vekst, og at realveksten altså er noko lågare. Som figur 2 viser, er BOA-aktiviteten per mars omtrent lik som i same periode i fjor. NFR-bidragsaktiviteten og oppdragsaktiviteten har auka, medan EU-bidragsaktivitet og annan bidragsaktivitet er redusert per mars.

Per mars 2016 kjem 33,5 % av inntektene til fakultetet frå BOA, mot 34,5 % på same tid i fjor.

Figur 3 Prosentvis fordeling kostnader GB og BOA per institutt per mars 2016



Figur 3 viser korleis kostnadane fordeler seg på GB og BOA per institutt. For dei fleste institutta er hovudvekta av aktiviteten finansiert av GB, medan ved GEO, GFI og IFT er nesten 50 % av aktiviteten finansiert av BOA.

## 2. Grunntildeling (GB)

Tabell 1 Grunntildeling (motpart 00) per mars 2016 (tal i 1000 kr)

Grunnbevilgning (mill.kr)	Prognose 2016	Årsbudsjett 2016	Budsjett pr mars 2016	Rekneskap pr mars 2016	Avvik pr mars 2016	Avvik %	Rekneskap mars 2015	Endring frå mars 2015
Inntekter frå KD		-600 607	-170 230	-172 467	2 237	1,3 %	-164 417	4,9 %
Andre inntekter		-15 000	-1 115	-2 519	1 404	125,9 %	-1 669	50,9 %
<b>Inntekter</b>		<b>-615 607</b>	<b>-171 345</b>	<b>-174 986</b>	<b>3 641</b>	<b>2,1 %</b>	<b>-166 086</b>	<b>5,4 %</b>
Investeringar		10 929	2 937	5 102	-2 165	-73,7 %	1 500	240,2 %
Lønskostnader		472 514	124 328	126 044	-1 716	-1,4 %	120 472	4,6 %
Andre driftskostnader		102 924	12 167	9 466	2 701	22,2 %	10 747	-11,9 %
Internhandel med meir		38 794	14 112	19 039	-4 927	-34,9 %	14 123	34,8 %
<b>Kostnader</b>		<b>625 161</b>	<b>153 544</b>	<b>159 651</b>	<b>-6 107</b>	<b>-4,0 %</b>	<b>146 842</b>	<b>8,7 %</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>9 554</b>	<b>-17 802</b>	<b>-15 335</b>	<b>-2 466</b>		<b>-19 244</b>	
Saldo overført frå forrige år		-9 554	-9 554	-9 556	2		-15 821	
Saldo overført til neste periode	0	0	27 356	24 891	2 464		35 065	
<b>Sum</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		<b>0</b>	

Fakultetet styrer framleis ut frå å gå i budsjettbalanse i 2016, dvs. vi planlegg at overføringa frå 2015 vert nytta, og at det ikkje vert noko overføring til 2017. Det forventast som kjent at fakultetsnivået kjem til å overføre underskot frå 2016, så føresetnaden for å gå i budsjettbalanse er at institutta samla går med overskot. Det er endå tidleg på året og denne målsetjinga kan måtte justerast etter kvart.


Pr. mars har inntektene frå KD vore ca. 2,2 mill.kr høgare enn budsjettert, på grunn av periodiseringsfeil i budsjettet, som vert korrigert i april. Instituttinntektene har vore ca. 1,4 mill.kr høgare enn budsjettert. Avviket i instituttinntekter finn vi i hovudsak ved GEO, og avviket ventast å jamne seg ut i løpet av året.

Kostnadane har per mars vore høgare enn budsjettert, og høgare enn i same periode i fjor, grunna høgare kostnader til investeringar, løn og interne transaksjonar. Avviket i investeringar fordeler seg mellom institutta og investeringane ventast å verte noko høgare enn årsbudsjettet. Lønskostnadane har i stor grad vore høgare grunna større bruk av midlertidig tilsette, men også på grunn av variabel løn som sensur, bedømming, honorar, etc. Interne transaksjonar har mellom anna vore høgare grunna at det er budsjettert med refusjon av husleigeinntekter som ikkje er kome inn, samt at det har vore lågare inntekter for frikjøp og noko høgare eigenfinansiering BOA, men desse avvika ventast å ville rette seg utover i året. Andre driftskostnader har på den andre sida vore lågare enn budsjettert, og lågare enn på same tid i fjor, men forbruket her vil nok ta seg opp når ein kjem litt utover i året.

Samla sett ser vi at dei fleste avvika skuldast tekniske forhold, som må justerast i budsjetta.

Figur 4 viser talet på faktiske stipendiat- og postdoktorårsverk per mars 2016 samanlikna med årets tildeling per institutt. Samla sett har fakultetet per mars ingen lediggang i rekrutteringsstillingar.

Figur 4 Rekrutteringsstillingar GB, faktiske årsverk per mars og tildeling 2016



På motpart 81 er det samla sett mindre avvik. Pr. mars har det blitt skrevet av utstyr for ca. 10,5 mill.kr, medan investeringane har vore på ca. 4,5 mill.kr.

### 3. Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA)

Tabell 2 Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet per mars 2016 (tal i 1000 kr)

Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet		Prognose 2016	Årsbudsjett 2016	Budsjett pr mars 2016	Rekneskap pr mars 2016	Avvik pr mars 2016	Avvik %	Rekneskap pr mars 2015	Endring frå mars 2015
<b>Tilskot/Innbetalningar</b>									
	Norges forskingsråd	-230 000	-230 000	-62 607	-64 461	1 854	3,0 %	-61 926	4,1 %
	EU	-30 000	-30 000	-7 934	-6 414	-1 520	-19,2 %	-1 022	527,7 %
	Andre bidrag	-80 000	-80 000	-11 418	-7 781	-3 637	-31,9 %	-9 085	-14,4 %
	Oppdrag	-3 000	-3 000	0	0	0		-462	-100,0 %
	<b>Sum</b>	<b>-343 000</b>	<b>-343 000</b>	<b>-81 958</b>	<b>-78 656</b>	<b>-3 302</b>	<b>-4,0 %</b>	<b>-72 494</b>	<b>8,5 %</b>
<b>Aktivitet/kostnader</b>									
	Norges forskingsråd	225 000	225 000	76 001	58 133	17 868	23,5 %	50 395	15,4 %
	EU	41 000	41 000	13 231	10 656	2 575	19,5 %	13 746	-22,5 %
	Andre bidrag	94 000	94 000	24 374	18 386	5 987	24,6 %	23 055	-20,2 %
	Oppdrag	4 000	4 000	1 322	948	375	28,3 %	333	184,4 %
	<b>Sum</b>	<b>364 000</b>	<b>364 000</b>	<b>114 929</b>	<b>88 123</b>	<b>26 806</b>	<b>23,3 %</b>	<b>87 529</b>	<b>0,7 %</b>
<b>Saldo overført frå forrige år</b>									
	Norges forskingsråd	4 396	4 396	4 396	4 408	-12	-0,3 %	-10 308	-142,8 %
	EU	-25 998	-25 998	-25 998	-25 998	0	0,0 %	-31 055	-16,3 %
	Andre bidrag	-39 036	-39 036	-39 036	-39 036	0	0,0 %	-44 192	-11,7 %
	Oppdrag	-7 078	-7 078	-7 078	-7 078	0	0,0 %	-3 737	89,4 %
	<b>Sum</b>	<b>-67 716</b>	<b>-67 716</b>	<b>-67 716</b>	<b>-67 704</b>	<b>-12</b>	<b>0,0 %</b>	<b>-89 291</b>	<b>-24,2 %</b>
<b>Saldo overført til neste periode</b>									
	Norges forskingsråd	604	604	-17 791	1 919	-19 710	-110,8 %	21 838	-91,2 %
	EU	14 998	14 998	20 701	21 757	-1 056	-5,1 %	18 330	18,7 %
	Andre bidrag	25 036	25 036	26 080	28 430	-2 350	-9,0 %	30 222	-5,9 %
	Oppdrag	6 078	6 078	5 756	6 131	-375	-6,5 %	3 865	58,6 %
	<b>Sum</b>	<b>46 716</b>	<b>46 716</b>	<b>34 746</b>	<b>58 237</b>	<b>-23 491</b>	<b>-67,6 %</b>	<b>74 256</b>	<b>-21,6 %</b>
<b>Sum</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		<b>0</b>	

Samla sett er både aktivitet og innbetalingar per mars lågare enn budsjettert. Usikkerheita som ligg i at det endå er tidleg på året, samt det at fleire av avvika er periodeavvik, gjer at fakultetet likevel held på prognosen om aktivitet og innbetalingar lik budsjettmål for 2016. Fakultetet har for 2016 budsjettert med at både aktivitet og innbetalingar vert noko redusert samanlikna med rekneskapen for 2015.


Tabell 2 viser at aktiviteten per mars 2016 er 23,3 % lågare enn budsjettert, men på nivå med aktiviteten i same periode i fjor. Aktiviteten har vore lågare enn budsjettert for alle dei fire finansieringskjeldene, og avviket skuldast mellom anna forseinka installering av NMR-maskin ved KI og periodeavvik knytt til avslutting av ERC-prosjekt ved BIO. Samanlikna med same periode i fjor er NFR-bidragsaktiviteten og oppdragsaktiviteten auka, fyrstnemnte grunna høgare aktivitet ved dei fleste institutta, medan aktiviteten innanfor EU-bidragsaktivitet og annan bidragsaktivitet er redusert, mykje på grunn av lågare aktivitet ved IFT.

Samla innbetalingar er per mars 4,0 % lågare enn budsjettert, men 8,5 % høgare enn i same periode i fjor. Avviket frå budsjett skuldast at innbetalingane frå NFR-bidragsaktivitet har vore noko høgare enn budsjettert, medan innbetalingane frå EU-bidragsaktivitet og annan bidragsaktivitet er redusert. At innbetalingane er lågare enn budsjettert skuldast mellom anna at innbetalingar knytt til avslutting av ERC-prosjekt ved II ventast å kome seinare, og verte noko lågare, enn budsjettert, samt forseinkingar i oppstart av BFS-prosjekt ved GEO. Auken samanlikna med same periode i fjor skuldast hovudsakeleg auke i innbetalingar frå EU-bidragsaktivitet ved BIO og GFI, mellom anna på grunn av overføring av prosjekt frå SARS til BIO og periodeavvik ved GFI. Innbetalingar frå NFR-bidragsaktivitet har også auka noko, medan innbetalingar frå oppdragsaktivitet og annan bidragsaktivitet er redusert.

**Tabell 3 BOA-aktivitet per institutt per mars 2016 (tal i 1000 kr)**

Finansieringskilde	MN-felles	MI	II	IFT	KI	MBI	GFI	GEO	BIO	GEOBIO	Samla
1. Oppdragsaktivitet	0	0	5	159	0	29	5	45	704	0	948
2. NFR - bidragsaktivitet	0	3 783	4 276	10 636	3 314	2 437	7 644	14 902	10 544	598	58 133
3. EU - bidragsaktivitet	0	47	1 758	1 639	17	0	1 623	3 938	1 634	0	10 656
4. Annen bidragsaktivitet	486	716	768	2 515	1 164	1 402	1 720	6 855	2 762	0	18 386
<b>Sum</b>	<b>486</b>	<b>4 546</b>	<b>6 807</b>	<b>14 950</b>	<b>4 494</b>	<b>3 867</b>	<b>10 992</b>	<b>25 739</b>	<b>15 645</b>	<b>598</b>	<b>88 123</b>
Prosent av samla BOA	0,6 %	5,2 %	7,7 %	17,0 %	5,1 %	4,4 %	12,5 %	29,2 %	17,8 %	0,7 %	100,0 %

**Figur 5 BOA-aktivitet per institutt per mars 2016 (tal i 1000 kr)**



Tabell 3 og Figur 5 viser BOA-aktivitet per institutt per mars 2016. Samla aktivitet, NFR-bidragsaktivitet, EU-bidragsaktivitet og annen bidragsaktivitet har alle vore klart størst ved GEO, medan oppdragsaktivitet har vore størst ved BIO.

Tabell 3 viser i tillegg fordelinga av BOA-aktivitet ved fakultetet. Det har per mars vore størst aktivitet ved GEO, BIO og IFT, og desse institutta står samla sett for 63,9 % av BOA-aktiviteten ved fakultetet.

## 4. Fakultet 19 – Senter for klimadynamikk (SKD)

Inntektene til SKD vert stilt til disposisjon på ein sentral stadkode (191000), samtidig som alle detaljane i SKD sitt rekneskap vert ført på ein stadkode som ligg under fakultetet (129000). Kvar tertial vert kostnadane som er ført under fakultetet overført til den sentrale stadkoden på internartar. Eit eventuelt over- eller underforbruk vert dermed ikkje synleg i fakultetet sitt rekneskap, men avvik innanfor ulike kostnadskategoriar vil vere det.

SKD melder om litt forseinka aktivitet i høve til budsjett, men det påverkar ikkje prognosen. SKD overførte ca. 11 mill.kr frå 2016, og melder prognose for overføring til 2017 på 7 mill.kr.

## 5. Vedlegg

### 5.1 Definisjonar og forklaringar

Grunntildeling (GB) er den aktiviteten som er finansiert av Kunnskapsdepartementet (KD) sitt statstilskot, òg kalla statsopdraget.

GB er delt inn i motpart 00 og 81:

- På motpart 00 vert dei ordinære driftsinntektene og driftskostnadane rekneskapsført. Føringane her har realøkonomiske konsekvensar for fakultetet, og midlane er delt i annuumsmidlar som kan disponerast fritt og midlar til øymerka tiltak som er tildelt spesielle føremål (t.d. universitetsstipendiatar og utstyr). I tillegg vert andre inntekter, som ikkje gjeld bidrags- og oppdragsforskning (som leigeinntekter, refusjonar og liknande), ført her.
- På motpart 81 vert avskrivningane ved fakultetet rekneskapsført. Her visast fakultetet sine totale investeringar og avskrivningar, og det vert synleggjort om fakultetet investerer tilstrekkeleg til å oppretthalde verdien av fakultetet sin utstyrspark. Dersom avskrivningane er høgare enn investeringane kan det vere nødvendig å setje i verk tiltak for å oppretthalde verdien på utstyrsparken. Føringane på motpart 81 får ikkje realøkonomiske konsekvensar, dvs. dei påverkar ikkje fakultetet sitt driftsresultat.

I tillegg til inntekter frå GB utgjer inntekter frå eksterne bidrags- og oppdragsytarar ein viktig del av fakultetet si samla omsetning. Denne verksemda er delt i aktivitetar finansiert av Noregs forskingsråd (NFR), EU, andre bidragsytarar og oppdragsgivarar. Denne aktiviteten omfattar prosjekt der aktiviteten føregår ved Universitetet i Bergen. Den omfattar ikkje aktivitet som føregår ved andre institusjonar (t.d. Universitetet i Oslo eller UNI Research AS).